

1 **Arbeidsprogram 2021-2022**

2 For Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

3 Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale
4 studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for
5 studentdemokratiet i Volda.

6 **Bygge organisasjon og samarbeid**

7 ❖ **Sørge for at studentane ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og vårt arbeid med å:**

- 8 → Vere synleg under både Fadderveka og vekene etter studiestart med både stand
9 og aktivitet i rebusløpet
- 10 → Arrangere infomøte om Studentparlamentet i nominasjonsperioda før
11 parlamentsvalet
- 12 → Spele inn og vise introduksjonsvideo om Studentparlamentet til alle årskull
- 13 → Informere studentmassen meir om dei konkrete sakene som Studentparlamentet
14 jobbar med og når desse og andre mål blir oppnådd
- 15 → Halde informasjonen på nettsidene oppdatert og auke aktiviteten på sosiale
16 media.

17 ❖ **Utarbeide dokumenter som eit ledd i organisasjonen si drift, blant anna:**

- 18 → Eit dokument for etiske retningslinjer
- 19 → Eit nytt prinsippprogram 2022-26
- 20 → Skal gjennomføre vedtektsendringar i valreglement og vedteker

21 ❖ **Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført i Studentparlamentet og ved HVO.**

- 22 → Annonser val i god tid i kanalar studentar fylgjer med på

23 ❖ **Ha eit godt forhold til studentorganisasjonar med å:**

- 24 → Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest
- 25 → Invitere Studentrådet i UH-nett Vest til Volda for eit to-dagars seminar
- 26 → Ha jamn kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og
27 SiVolda-styret

28 **Studentvelferd**

- 36 ❖ **Ha ekstra fokus på tiltak for å betre trivsel, psykisk helse og eit inkluderande**
37 **studentmiljø med å:**
38 → Prioritere Velferdsgruppa og bidra til å gjere den til ein fast del av HVO
39 → Arbeide for å skape fleire sosiale møteplassar for studentar på campus
40 → Oppretthalde tilbodet om opne klasserom 24/7.
41
42 ❖ **Jobbe inn mot SiVolda for eit betre velferdstilbod for studentane, og sørge for at**
43 **helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg**
44
45 ❖ **Legge forholda til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og -festivalane**
46 **tilknytt HVO, og jobbe for eigna lokale sentralt på campus for**
47 **studentorganisasjonane**

48

49 Utdanningskvalitet

- 50 ❖ **Betre dei praktiske tilhøva for studentane med å:**
51 → Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert slik at studentar i minst mogleg
52 grad skal betale eigenandel på studieturar, for programvare m.m.
53 → Jobbe for betre oppfølging av studentar gjennom praksisperioder, med gode
54 rammer for fagleg utvikling og evaluering.
55 → Ivareta moglegheita til å drive hybrid/digital undervisning ved behov
56 → Gjere skikkanemnda og klagenemnda meir synleg for studentane
57
58 ❖ **Gjere endringar/justeringar i dagens ordning for tillitsvalde slik at dei blir ein meir**
59 **aktiv del av studentdemokratiet**
60
61 ❖ **Sørge for at studentar deltek i både studentundersøkingar og Studentparlament med**
62 **å:**
63 → Bidra til høg deltaking i Studiebarometeret og SHoT-undersøkinga
64 → Jobbe for at informasjon om val, studentundersøkingar og anna viktig info frå
65 Studentparlamentet kan leggjast ut på Canvas
66

67 Likestilling, mangfald og inkludering

- 68 ❖ **Studentparlamentet skal sikre at alle studentar kjenner seg velkomne uavhengig av**
69 **fysiske og psykiske nedsettingar med å:**
70 → Jobbe for at alle deler av campus er godt tilrettelagt og universelt utforma
71 → Jobbe for at mest mogleg av undervisninga er universelt utforma, og at
72 studenttenester og studentvelferd er tilgjengeleg for alle
73 → Følge opp arbeidet for handtering og førebygging av mobbing, diskriminering og
74 trakassering. Sei-ifrå-systemet må oppgraderast og gjerast meir kjent.

- 75
76 ❖ **Studentparlamentet skal fremje inkludering av internasjonale studentar, og dette**
77 **skal gjenspeglast i arbeidet til parlamentet med å:**
78 → Dele ut pris for internasjonalisering kvart år
79 → Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom
80 kontinuerleg samarbeid med Pangaia og arrangement av Buddyweek
81 → Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet
82

83 **Miljø og berekraft**

- 84 ❖ **Studentparlamentet skal følgje opp på miljø- og berekraftsmessige saker med å:**
85 → Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile
86 campus
87 → Arbeide for at miljø blir eit prioritert område under læringsmiljø i
88 læringsmiljøutvalet
89 → Vere aktive i prosessen for at Høgskulen held fram med å vere sertifisert
90 Miljøfyrtårn
91 → Arbeide for at berekraftsmåla til FN er i fokus ved Høgskulen i Volda
92
93 ❖ **Betre Studentparlamentet sin miljøprofil i innkjøp, dagleg drift, aktivitetar og reiser**
94 **der det let seg gjere**
95
96